


Dagleg bøn i ei uviss tid



19.april – 25.april 2020

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Jesu oppstode er eit sjølv sagt sentrum i den kristne trua: Kvar søndag er ei feiring av oppstoda, og utan oppstoda, inga kristen tru. Likevel kan denne store hendinga som forandrar verda og historia og livet hamne i bakgrunnen i trua og forkynninga, kanskje nettopp fordi ho er så u-truleg og grensesprengande?

Vi er i påsketida, ei tid for å glede seg over Jesu oppstode, men også for å reflektere over kva det betyr- her, no; på min stad, denne våren- at Han framleis er levande. Kva skilnad gjer det at Jesus lever? Korleis kan krafta frå Jesu oppstode vere ei kraft i mitt og vårt liv, inn i våre kvardagar, inn vår uro og utryggheit? Korleis kan Lyset frå påskemorgon skine inn der det er dunkelt og uklart?

Kanskje kan dette heftet for dagleg bøn vere ei hjelp til å undre seg over mysteriet i trua. Her er bibeltekstar og salmar for påsketida, saman med bøner og bønemner for den aktuelle situasjonen vi er i. Erfaringa kyrkja stadig har gjort seg gjennom århundra er at dei gamle tekstane og den aktuelle situasjonen kan kaste nytt lys over kvarandre: Oppdagar vi noko nytt i tekstane frå Bibelen denne våren? Er det sider ved notida og det som skjer med oss og rundt oss som kjem i eit anna lys når dei møter teksten? Det er slik Bibelen opnar seg, ved Den heilage Ande, og let oss sjå oss sjølve og kvarandre og livet vårt i lyset av Jesu liv, død og oppstode.

Lat oss halde fram påskefeiringa, i bøn- der vi er, men saman.

Prestane i Volda

Matias Austrheim, Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal,
Ingeborg Matre

Søndag 19.april – 2.søndag i påsketida

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118, 14-24 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 21, 1-14

Preike av Kristian Myklebust

I preiketeksten vår i dag er vi i Galilea igjen. Vi har forlete Jerusalem; med Golgata og Gravhagen. Læresveinane har reist heim igjen, dei er tilbake der alt byrja. Stranda, sjøen, båtane, garna- alt er likt som før, det er berre som det er. Dei er ved

Tiberiassjøen, eller Gennesaretsjøen som han også vart kalla. Kvifor har dei reist tilbake dit? Kva tenker dei no? Evangeliet fortel jo at dei allereie har møtt Jesus, to gongar, men mykje verkar enno å vere uklart for læresveinane. Jesus er annleis, han er ikkje hos dei på same måten. Anden er enno ikkje gitt dei. Dei er mellom det som var og det som skal komme, i no-tida. Og å vere i no-tida kan vel framleis vere vanskeleg å vere i? Læresveinane prøvar vel, som menneske flest gjennom tidene, å gjere det beste ut av den dagen og tida dei har, no. Men kva skulle det vere?

«Eg vil ut og fiske», seier Simon Peter. Det var i alle fall kjent; det kunne han, det gav mat og litt pengar, det var noko meningsfullt å gjere i kvardagen. Dei andre vert med. Men det vart ei tung natt ute på sjøen, ikkje fisk og ikkje så mykje meining. Men dette liknar jo på slik det starta den gongen for tre år sidan, slik Lukas fortel om: Ein natt utan fisk, og ein mann som brått sto på stranda og kom med råd om korleis dei skulle få fisk.

Og denne morgonen stod den same mannen på stranda. Jesus bryt inn i no-tida, *er* der berre, står på stranda. Dei visste ikkje at det var han, såg det ikkje- var det for lang avstand? Eller kunne dei berre ikkje sjå at det var han? For dette var altså annleis med Jesus etter oppstoda: Før, medan dei gjekk rundt saman med han, skjøna dei ikkje alltid kva Jesus sa eller gjorde,

men dei *så*g han jo- han var jo eit menneske mellom dei. No er han uklar, framand, forandra, i eit anna lys.

Men læresveinane kjenner han att *gjennom det som hender*; i fisken som sprellar i garna denne morgonen. Dei *merkar* Jesu nærvere, ikkje fordi dei ser han tydeleg og klart, men gjennom det som skjer der han er: Det vert liv og overflod. Og nettopp i det- i livet han kjem med og i overfloda av det gode han spreier rundt seg, i det kjenner dei han att: «Det er Herren», seier læresveinen som Jesus hadde kjær. Han kjende att Jesu kjærleik der og då, midt i alt det uklare og uvisse denne morgonen elles bar på.

Og akkurat *der* skulle eg gjerne ha vore; om bord i denne fiskebåten denne vårmorgonen i Galilea, i akkurat denne augneblinken: Augneblinken då dei forvirra og slitne læresveinane kjenner att Kristus- og torer å seie det høgt til kvarandre: «Det er Herren!» Dei kjenner att venen sin, håpet sitt, han dei elska! Han er her jo! Her kjem han dei i møte- lys levande! Og så, om vi hadde vore der i båten, hadde vi brått høyrte plasket og sett Peter sin plass tom i båten! Han vil vere der Jesus er, og kastar seg rundt, bokstaveleg tala. Ser han allereie mulegheita for at sviket den kalde morgonen i påska, i Jerusalem, der ved bålet, at sviket og nederlaget og bitterheita og dødspusten ikkje skal vere det siste i Peter sitt liv med Jesus? (Joh 18,18) Han sym, det han kan, og dei andre kjem ikkje langt bak, i båten med all fisken.

På land er det gjort opp eit nytt bål. Fisken og brødet ligg på glørne, Jesus sit der. Kva tenker dei, læresveinane? Kvar går blikket deira? Jesus ber om å få noko av det han har gitt dei, fisken frå sjøen. Han vil at dei skal sjå og skjøne. Og han er svolten, han som har stått opp. Han vil halde måltid med vennene sine, på nytt, på standa der, midt i Galilea sin kvardag.

Garnet er fullt, 153 fiskar ligg og ventar i nettet som ikkje rivnar. Seinare skal læresveinane verte menneskefiskarar igjen, og samle alle slags folk til ein fellesskap som også skal ha plass til alle og som alltid vil halde. Men no, først, er det heilt konkret: «Kom og få mat», seier Jesus til dei. Og dei kjenner han att, sjølv om mykje er annleis, sjølv om han ikkje lenger skal vere hos dei på same måten, sjølv om det er merkeleg at dei av og til ser han, av og til ikkje, sjølv om..... så dei kjenner dei att Jesus Kristus som den oppstadne, her og no, hos dei, i orda hans og i måltidet han byr dei. «Dei visste at det var Herren», sjølv om dei ikkje vågar å spørje ein gong. Dei får mat frå den oppstadne og dei trur.

Frå denne dagen er dei vitne om at Jesus er levande mellom oss, om at han kjem til oss og er til å kjenne att. Dei er vitne om måltidet, nattverden, som staden der Jesus særleg vert openberra for augene våre. Gjennom deira vitnemål, gjennom krafta i bodskapen om Jesu død og oppstode, kan vi også tru og vedkjenne: Det er Herren! Han lever og gjer død til liv for menneska, for meg, for mitt liv og min kvardag.

For han kjem til oss også: Han gjev oss ein stad der vi får tilgjeving og nytt håp, eit bål der vår kulde og avvising får tine. Han seier at «Ingen kan riva ut av mi hand.» Han byr oss til måltidet der vi får sjå han. Og han ber oss vere vitne: vitne om at vi har møtt han, om at Jesus er levande og til og med om at han er å finne her hos oss, i vår kyrkjelyd: I nattverden, som vi no må vente på. I ordet, som vi heldigvis ikkje treng å vente på, og som akkurat no finn stadig nye vegar til nye menneske. I fellesskapen, som akkurat no er ein fellesskap på avstand, som slett ikkje er fullkomen, men som likevel høyrer Gud til og er elska av Gud. Han ber oss vere vitne, fordi verda vår treng slike vitne; syngande eller talande eller lyttande eller trøystande eller berande eller gråtande eller smilande vitne, glade eller redde vitne, sterke eller svake vitne, men vitne om nåden og krafta i Jesu død og oppstode, for oss og for alle, her og no, og i all æve.

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,

vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus,
du rekkjer hendene mot oss når vi tvilar.
Vi bed deg:
Gje oss tru når vi ikkje forstår,
så vi kan leva i lyset av di oppstode
og tilgje vårt eige og andres svik,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.Amen
(Dagens bøn for 2.søndag i påsketida)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Jesu oppstode og det nye livet han gir oss
Om påska sitt lys over dagane framover
Kyrkjelydane i Volda, i Noreg og i verda
Konfirmantane våre

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen

Salme: Norsk salmebok 203 De trodde at Jesus var borte

T Anders Frostenson 1957
O Olaf Hillestad 1972
M Gunnar Thyrestam 1957

De trodde at Jesus var
borte.
De trodde at Jesus var
død.

Da kom han på stranden
en morgen
som lyste rød.

Han stod midt iblant dem
som alltid.
Et bål lyste opp med sin
glød.
Han lot dem få fisker i
garnet
og gav dem brød.

Tro ikke at Jesus er borte!
Tro ikke at Jesus er død!
Han lever og gir oss å
spise
av livets brød.

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Måndag 20.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 36, 6-11 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 21, 15-19

Bøn

Gud, gjev meg slik sinnsro at eg kan godta det eg ikkje
kan forandra. Gjev meg mot for å forandra det kan gjera
noko med, og forstand til å sjå forskjellen.

(Nr 70 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Barnehagane som opnar att, for borna og for alle som arbeider i skule og barnehage

Alle som arbeider i helsevesenet

Alle som er sjuke

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 434 Det er navnet ditt jeg roper

T 1987 John Bell, 1987

Graham Maule

O 1999 Hans-Olav Mørk

M Skotsk folketone

1 Det er navnet ditt jeg
roper,

vil du følge meg?

Vil du trå i mine fotspor
på en ukjent vei?

Vil du kjennes ved mitt
navn,

vil du møte sorg og savn,

vil du hvile i min favn
og la meg bli hos deg?

2 Vil du ta det første
skrittet,
vil du følge meg?
Vil du gå til mine minste
på en ukjent vei?
Vil du tåle onde blikk,
stå igjen når noen gikk?
Du skal gi dem alt du fikk,
for jeg vil bli hos deg.

3 Vil du åpne blindes
øyne,
vil du følge meg,
se at fanger får sin frihet
på en ukjent vei?
Vil du stille andres sår
i det skjulte, år for år,
kjenne gleden som du får
når jeg vil bli hos deg?

4 Vil du trosse angst og
uro,

vil du følge meg,
ta imot deg selv med nåde
på en ukjent vei,
la de ord som jeg har sagt,
folde ut sin skapermakt
tross din tvil og
selvforakt?
For jeg vil bli hos deg.

5 Når du kaller, må jeg
lytte.
Jeg vil følge deg!
Jeg vil vende om og
vandre
på en ukjent vei.
Dit du går, vil jeg gå med,
Herre, la din vilje skje,
for jeg vet at jeg skal se
mitt liv fullendt i deg.

T, O og S ©
Bibelselskapet

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Tysdag 21.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 25 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: 1.Korintarbrev 15, 12-21

Bøn

Gud, du som skaper når du tilgjev, skap eit reint hjarte i meg. Bryt gjennom alt eg held att, lat meg høyra di røyst stadig djupare i meg. Lat meg gløyma meg sjølv slik at eg

vert meg sjølv. Lær meg å tena slik at eg vert fri. Gjer meg heilag, så eg vert meir menneskeleg.

(Nr 82 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Leiarar og folkevalde i verda, Noreg og Volda.

Dei som arbeider for å lindre naud over heile verda

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme

Norsk salmebok 204 Han er oppstanden, halleluja!

T 1966 Bernhard

Kyamanywa

O 1969 Howard S. Olson,
1979 Anne M. Brodal, 1984

Per Oskar Kjølaas

M Melodi fra Tanzania

1 Han er oppstanden.

Halleluja!

Lov ham og pris ham!

Halleluja!

Jesus, vår Frelser,

lenkene brøt.

Han har beseiret mørke

og død.

Omkved

Lov ham og pris ham, vår

Frelser og venn,

han som gir synderen

livet igjen!

Halleluja! Vi skyldfrie er.

Halleluja! Vår Jesus er

her!

2 Tre dager dødens fange

han var

før han stod opp og seiren

var klar.

Tvers gjennom gravens

stengsel han gikk.

Frelse og fred ved Jesus vi
fikk.

Omkved

Lov ham og pris ham, vår

Frelser og venn,

han som gir synderen

livet igjen!

Halleluja! Vi skyldfrie er.

Halleluja! Vår Jesus er

her!

3 Engelen ropte: Frykt

ikke mer!

Han som du søker, er ikke

her.

Se, der er stedet hvor han

ble lagt.

Han har stått opp – som

selv han har sagt.

Omkved

Lov ham og pris ham, vår

Frelser og venn,

han som gir synderen

livet igjen!

Halleluja! Vi skyldfrie er.

Halleluja! Vår Jesus er

her!

4 Gå og fortell at tom er
hans grav.
Livet han vant, da livet
han gav,
gav det for oss og kjøpte
oss fri.
Frelse og fred han alle vil
gi.

Omkved
Lov ham og pris ham, vår
Frelser og venn,

han som gir synderen
livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er
her!

T og O © Augsburg
Fortress Publishers O ©
Anne Brit Brodal (B) O ©
The Lutheran World
Federation (E) S © Norsk
Musikforlag A/S

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Onsdag 22.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 107, 1-9 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 20, 24.31

Bøn

Å Kristus, medan vi framleis leitar etter deg,

Har du alt funne oss.

Same kor fattig vår bøn er,

Høyrer du oss betre enn vi kan tenkja oss eller tru.

(Nr 1 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Alle som arbeider for freden si sak i verda

Borna i flyktningleiren i Moria – og alle menneske som er på flukt

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 200 Kom, Frelsar, kom inn!

T 1908 Kristian Orheim
M 1862 Ludvig M.
Lindeman

1 Kom, Frelsar, kom inn
og lys du din fred i vårt
hjarta og sinn!
Ja, tolk med din kjærleik
det levande ord,
så vert denne staden ein
himmel på jord!
Då livet til kvardags får
helgedagsskrud
i møte med Gud.

2 Set hjarta i brann!
Å, lat meg få kjenna di
trufaste hand!
Ja, kom med di
fredshelsing stille og
varm,
og lat meg få setja meg
innved din barm!
Om kring oss det stormar
då aldri så vilt,
hå deg er det stilt.

3 Å herlege stund
når alt som vil stengja,
vert rive i sund,
når du kjem deg inn
gjennom attstengde dør
og glade oss gjer som du
gjorde det før!
For føtene dine vi stille sit
ned
i hugnad og fred.

4 Det levande ord
som gjev oss dei fagraste
stunder på jord,
å, tal du det ord så kvar
tvilar må sjå
at du kan imellom oss
levande gå!
Så lat du oss kjenna med
eldhug og brann
di frelsande hand!

T © Åshild Orheim Haga

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet

Torsdag 23.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 90, 1-6 og 12-14 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: 1.Peters brev 1, 3-9

Bøn

Velsignet er du, vår Far, som gir oss det vi trenger for
kropp og sjel. Lær oss å gi avkall på unødvendige behov,
til gang for dem som trenger vår hjelp, og vekk vår

hunger etter dine ord og din rettferdighet. Ved Kristus,
vår Herre.

(Bøn nr 235 i bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Alle som er redde og urolege

Bebuarane og dei tilsette på institusjonane i Volda
kommune

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 198 Ljos over grav

T 1890 Elias Blix

M 1871 Ludvig M. Lindeman

1 Ljos over grav som oss
livsvoni gav,
rann med Guds Son ifrå
daude.

Solrenning klår som den
venaste vår
steig over gravstader
aude.

Ljoset og livet for alle
mann
strålande opp med vår
Frelsar rann.

2 Engelen kvad over
daudstille stad:
Krist er med siger
oppstaden!
Sigrande vel over ormen
frå hel

bøtte han brotet og
skaden.
Syndi er sona og såret
grødt,
livet av daude er atter
født.

3 Kristus stod opp som
det livstre i knopp

som i all æve skal bløma.
Skapande liv han alt
drepane driv,
dauden for honom må
røma.

Så ved det livstre til
Herrens pris
ein gong me livnar i
paradis.

4 Menneskeson, du til
levande von
ved di oppreising oss
fødde!
Liv gjennom grav ved din
daude du gav,
då for oss alle du blødde.
Alle som levande på deg
tru,
døyande skal i ditt ljøs få
bu.

5 Trøyst i vår trong som
ein sumar med song
ut frå din gravstad lat
lysa!
Ævelivs von gjennom
trengsle og tjon*
lat dine truande hysa!
Så me alt her uti daudens
land

smakar den sæla du til oss
vann.

6 Ljos over grav, fall som
solskin på hav,
når me frå verdi skal fara!
Lys oss i land til den

livsæle strand,
fram til det liv som skal
vara,
så me ved ljuset frå
påskedag
sæle kan leva i englelag!

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Fredag 24.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 143, 1-2, 8-11

Tekstlesing

Tekst: Paulus brev til kolossarane, 2, 12-15

Bøn

Takk, gode Gud, for alle som gjer det gode: Lindrar
naud, tørkar tårer, trøystar den redde, tek seg av den
einsame og hjelpelause, kjempar for rettferd, ber urett,

gjer livet lysare for medmenneske, seier det gode ordet,
gjer dagens gjerning med truskap. Takk for at du kan
lyfta gjerningar i kvardagen opp til teneste for deg.

(Nr. 189 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

For alle barn og unge og for trusopplæringa i
kyrkjelydane våre.

Alle som sørgjer etter dødsfall den siste tida, som saknar
nokon, som er ekstra åleine i denne tida.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk Salmebok 212 Å, gledesfylte stund

T 1902 George R.
Woodward, 1983 Svein
Ellingsen
M Amsterdam 1684

1 Å, gledesfylte stund!
Å, hvilken morgenrøde!
Vår tro har sikker grunn!
Se livets første grøde!

Omkved
Var han som gav sitt liv,
forblitt i dødens fengsel,
hva var vel da vår tro?
Men se, vår frelser lever!
Han lever! Han lever!
Han oppstod og han
lever!

2 I ham vi har vårt håp
når livet legges øde.
Med ham, i dødens dåp,
vi oppstår fra de døde.

Omkved
Var han som gav sitt liv,
forblitt i dødens fengsel,
hva var vel da vår tro?
Men se, vår frelser lever!
Han lever! Han lever!
Han oppstod og han
lever!

3 Guds kjærlighet er stor!
Vi vekkes av signalet
fra Guds basuners kor
og hører Jesus tale.

Omkved
Var han som gav sitt liv,
forblitt i dødens fengsel,
hva var vel da vår tro?
Men se, vår frelser lever!
Han lever! Han lever!
Han oppstod og han
lever!

T © Svein Ellingsen

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Laurdag 25.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 100 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Jesaja 52, 7-10

Bøn

Herre Jesus, rekk ut dine sårmerkte hender og velsigna
ditt folk. Sameina oss med deg og med kvarandre i
kjærleik. Amen

(nr.205 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Fellesskapen i kyrkjelydane vår sjølv om vi ikkje kan samlast fysisk.

Dei som er forfølgde for si tru rundt om i verda.

Biskopen vår og dei som har leiaransvar i kyrkja

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme

Norsk salmebok 204 Dine hender er fulle av blomar

T 1970 Marcello Giombini

O Nynorsk ukjent, 1973 Lars

Åke Lundberg, 1976 Svein

Ellingsen, 1973 Anders

Frostenson

M 1970 Marcello Giombini 1

(I) Dine hender er fulle av blomar.

Kven var det du tenkte å

gje dei til?

(II) Mine blomar var plukka til Jesus.

Grava fann eg tom. Han var ikkje der.

(I/II) Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

2 (I) Dine lepper er fulle
av songar.

Kvifor denne gleda, kvar
kom ho frå?

(II) Frå den grava der
lekamen kvilte –

han stod opp, og verda
vart fylt med song.

(I/II) Halleluja, halleluja,
halleluja, halleluja.

3 (I) Dine augo er fulle av
glede.

Sei kva har dei sett for å
få slik glans?

(II) Dei har sett Herren
Jesus! Han lever!

Han gjev livet meining og

ljøs kvar dag.

(I/II) Halleluja, halleluja,
halleluja, halleluja.

4 (I/II) Nei, det trengst
ingen blommar til grava!

Jesus, du stod opp og du
bur blant oss!

Våre augo er til for å sjå
deg.

Hendene er til for å tene
deg.

Halleluja, halleluja,
halleluja, halleluja.

T og M © Edizioni Fonografiche e
Musicali Pro Civitate Christiana O ©
Copyright AF-stiftelsen Psalm och
sång, Stockholm. O © Lars Åke
Lundberg O © Svein Ellingsen (B) S ©
Cecilia Göransson og Urban Göransson

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan du
teikne deg med krossteiknet)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

volda.kyrkja.no